



# Sveitserstilen – kulturarv i fare ?

Arrangør:

Indre Sogn lokallag av Fortidsminneforeninga,  
i samarbeid med Balestrand sogelag og  
Norsk reiselivsmuseum i Balestrand

## Invitasjon til dagseminar i Balestrand laurdag 9. oktober 2021 :

### Kvifor seminar om sveitserstilen?

Sveitserstilen var dominerande stilideal og byggeskikk i moderniserings- og nasjonsbyggingsperioden i Noreg frå ca 1850-1920, og pryder enno eldre tun og bygningsmiljø i store deler av landet.

Bygningsarven frå sveitserperioden var lenge lite påakta av fagmiljøa, og har ikkje noko automatisk lovvern, slik som eldre bygningsarv. Mykje er alt tapt til riving og ombygging, og meir står i fare for å bli borte innan kort tid.

Seminaret vil:

- \* formidla den nyaste kunnskapen om sveitserstilen sin historie og framvekst i Europa og Noreg.
- \* løfta fram sveitserstilen sin rolle i bygginga av det moderne Noreg, og verdien som bygningsarven frå sveitserperioden har i dag, som viktig element og smykke i kulturlandskapet i store deler av landet.
- \* formidla kunnskap om, og erfaringar med *restaurering* av sveitserhus.

Seminaret er ope for alle med hjarte for kulturminne og interesse for arkitektur og byggeskikk.

*Eigarar* av sveitserhus er særskildt velkomne.

Turistbygda Balestrand vart eit utstillingsvindaug for sveitserstilen, og for den særnorske varianten *dragestil*, med Kviknes hotell som flaggskip.

Balestrand og Kviknes hotell, med Norsk reiselivsmuseum som næraste nabo, er ein naturleg møtestad når *sveitserstilen* er tema.

### Dagsprogram Kviknes hotell, laurdag 9.10.2021

- Kl. 10:00 Opning. Foredrag  
Ca. 12:00 Lunch og guida omvising i Balestrand sentrum  
Ca. 14:00 Foredrag og spørsmålsrunde.  
Ca 16:00 Avrunding.

Detaljert dagsprogram vert utsend til påmelde deltakarar i god tid. Atterhald om mindre endringar.

Til høgre: 4 av mange vakre sveitserhus i Midtre Sogn



## Om tema og foredragshaldarar.

Jens Christian Eldal.

Kunsthistorikar, forskar og forfattar av boka «Sveitserstil?» (2019) .

Doktoravhandling om sveitserstilen publisert 1998.

Har arbeidd med bygningshistorie og bygningsvern hjå Riksantikvaren og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Hans fordrag:

*Om sveitserstilen sin bakgrunn og framvekst i Europa og Norge.*

Aud Ross Solberg Avd. direktør ved Sogn folkemuseum, og

Jan Arve Lund tømmermeister og fagleg leiar ved Sogn folkemuseum på

Kaupanger.

Deira foredrag: *Om sveitserstilen i Sogn, og erfaringar med restaurering av sveitsarhus.*

Ola Fjeldheim

Generalsekretær i Fortidsminneforeninga. Kunsthistorikar med brei erfaring frå bygningsvern og restaurering. Han vil snakka om:

*Bygningsvern, klima og miljø. Enøk i gamle hus.*

*Korleis gjera god bustad av gamalt hus- utan å øydeleggja?*

Åge Eitungjerde, Balestrandsguide og sveitser-kjennar.

Har bygd sitt eige sveitserhus!

*Omvising i bygningsarven frå sveitsertida i Balestrand.*

## Påmelding. Pris og betaling

Pris for deltakar er 550 kr. Medlemer i FMF og Balestrand sogelag : 500kr

Prisen gjeld heile dagsprogrammet med foredrag, lunch og guida vandring .

Påmelding innan laurdag 25.9 til:

- Balestrand Sogelag v. Tore Brudvik: E-post: [tobrudvi@online.no](mailto:tobrudvi@online.no). Tlf.: 450 48 715

- Indre Sogn lokallag av FMF v. Ottar Wiik E-post: [ottar.wiik@sogn.no](mailto:ottar.wiik@sogn.no) Tlf.: 93430069

Betaling til:

Indre Sogn lokallag av FMF, bankkonto 3730 06 05991, eller Vipps 703746

Merkast m. navn og «Dagseminar 9.10.2021»

Eller ved frammøte.


*Arr. tek atterhald om endringar, evt. utsetting dersom smittevernomsyn eller lite påmelding tilseier det.*

Velkomen til Kviknes hotell i Balestrand 9.oktober!



**FORTIDSMINNEFORENINGA**  
Indre Sogn lokallag


**Balestrand**  
sogelag



Jens Chr. Eldal



Ola Fjeldheim



Aud Ross Solberg



Jan Arve Lund



Åge Eitungjerde